



Tysseland Arkitektur AS  
Valkendorfs gate 9  
5012 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2764 - 14/12930

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
02.09.2014

## Godkjenning - Gbnr 22/227 - Snr 3 og 4 - Søknad om dispensasjon frå rekkefølgjekrav i reguleringsplan for Mjåtveit og endring av byggjeløyve

**Administrativt vedtak. Saknr: 245/2014**

**Eigedom:** 22/227/2  
**Byggjeplass:** Flohaugane 14  
**Tiltakshavar:** Walde Bolig Konkursbo  
**Ansvarleg søkjar:** Tysseland Arkitektur AS  
**Planstatus:** Reguleringsplan for Mjåtveitmarka – bustad  
**Søknad om:** Endring av ansvarsrettar, endring av tiltakshavar, dispensasjon frå rekkefølgjekrav

### Saksutgreiing:

Tysseland Arkitektur har i skriv motteke 11.6.2014 søkt om endring av løyve (ansvarsrettar og tiltakshavar) og dispensasjon frå rekkefølgjekrav knytt til bustadoppføring på ovannemnde eigedom. Ansvarsrettane det er søkt endring for er ventilasjonsarbeid (PRO/UTF), tømrararbeid (UTF) og mur- og flisarbeid inkl montering av ildsted (UTF). Alle ansvarsrettene er omsøkt av sentralgodkjente føretak.

Dispensasjon frå rekkefølgjekrav knytt til reguleringsplanen for Mjåtveitmarka gjeld nærmiljøanlegg F5, som er forsinka på grunn av konkursen i Walde Bustad. Vidare er kryssløysinga til hovudveg til behandling hos Statens Vegvesen, som må godkjenne løysinga før utføring. Rekkefølgjekrava følgjer av reguleringsføresegnene punkt 1.2.2., som stiller krav om at kryss og nærmiljøanlegg skal vere ferdigstilt før innflytting.

Arbeida med nærmiljøanlegg F5 er delvis utført, men det er ikkje gjeve ferdigattest, sjå arkivsakid 14/2291. I telefonsamtale med ansvarleg søkjar 1.9.2014 vart det difor avtalt av kommunen formelt

handsamer saka med dispensasjonssøknad frå rekkefølgjekrava. Søknaden gjeld utsetting og ikkje fritak frå ferdigstilling av nærmiljøanlegg.

### **Vurdering:**

#### Dispensasjon:

Tilsvarende søknader har vore fremja, handsama og godkjent under gjennomføring av dette planområdet. Arbeida er i hovudsak ferdig, slik at kommunen ikkje ser ulemper med dispensasjon. Når det gjeld kryssløysinga har kommunen stilt krav om godkjenning og utføring av dette i samband med nye søknader om byggjeløyver innafor planområdet. Vilråa i pbl § 19-2 for å gje dispensasjon vert vurdert som oppfylt for endringssøknaden og søknad om midlertidig bruksløyve for seksjon nr 1 og 2, jf DNT-vedtak i same sak dagsett 2.4.2014.

#### Ansvarsrettar:

Endring av ansvarsrettar vert godkjent som omsøkt:

<b>Føretak:</b>	<b>Godkjenningssområde for ansvar:</b>
FBT Ventilasjon Org.nr. 936238297 Sentral godkjenning	PRO/UTF, Ventilasjon (tkl 1)
Knarvik Bygg AS Org.nr. 913017265 Sentral godkjenning	UTF, Tømrararbeid, montering av trekonstruksjonar (tkl 2)
Betong Flis og Bygg AS Org.nr. 913017265 Sentral godkjenning	UTF, mur og flisarbeider, montering av ildsted (tkl 1)

### **Vedtak**

«Meland kommune viser til søknad motteke 11.6.2014 om dispensasjon frå rekkefølgjekrav i reguleringsplanen for Mjåtveitmarka. Søknaden vert godkjent på følgjande vilkår:

1. Dispensasjonen er mellombels.
2. Det vert ikkje gjeve ferdigattest før nærmiljøanlegg F5 er ferdig opparbeidd.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 19-2.

I medhald av plan- og bygningslova § 20-1 vert søknad om endring av ansvarsrettar for gbnr 22/227 seksjon nummer 3 og 4 godkjent som omsøkt, jf vurderinga ovanfor.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjeve unntak.»

*Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.*

Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt (fakturavedlegg til orientering).

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
konsulent byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Melding om enkeltvedtak og om rett til å klage over forvaltningsvedtak  
FAKTURAVEDLEGG 2014

**Kopi til:**

Walde Bolig AS - Konkursbo

Frekhaug senter 5906

FREKHAUG

**Mottakere:**

Tysseland Arkitektur AS

Valkendorfs gate 9 5012

BERGEN